



Marit Enæs og Marit Haugen var vertar tysdag og her sit dei med nokre av leikane som TI-aren kan frista med. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Framleis har ikkje besøket på TI-aren kafe i Gamleskulen på tysdagane kome skikkeleg i gang etter sommarferien.

Denne tysdagen var det såleis berre 19 vaksne innom og smaka på det dugnadsdamene til Uskedalen Utvikling hadde å frista med. Men i tillegg var det fire babyar og dermed hadde vertskapet Merit Enæs og Marit Hauge eit godt poeng å gje uskedalen.no framfor neste tysdag:

- Ta med ungene og lat dei leika, for vi har eit stort, ledig rom som kan nyttast til slikt. Der er det allereie ei samling med leikar og fleire skal koma etterkvart.